



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	10.06.2014
Tid:	13:30 – 20:00

Medlemer som møtte:

Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Camilla Storøy Hermansen	MEDL	KRF
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy Hermansen	KRF
Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Utviklingsleiar Jarl-Martin Møller
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Planleggar Ole-Magne Rotevatn
Økonomileiar Geir-Egil Olsen
Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge
Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Bustadkonsulent Gry Dragsund Vike

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vert valde:
Karly Ingunn Teige og Ole Brubakk

Desse sakene går ut og skal handsamast i komite oppvekst først:
F-sak 99/14 «Ny barnehage indre Herøy – Forprosjekt» og
F-sak 104/14 «Samanslåing av barnehageavdelinga og skuleavdelinga til ny felles oppvekstavdeling.»

Etter framlegg frå ordføraren gjorde formannskapet slikt samrøystes vedtak:

«Det vert sett av kr. 25.000,- til innkjøp av kaker til alle tilsette i Herøy kommune.
Dekning formannskapet sin disposisjonsfond.»

Det vart orientert om:

- Herøyterminalen v/ordføraren
- Notat av 02.06.2014 frå rådmannen om føringar for budsjettprosessen 2015.
- Notat av 02.06.2014 frå rådmannen om prosess for omorganisering av flyktingtenesta.

underskrifter

Karly Ingunn Teige

Arnulf Goksøy
ordførar

Ole Brubakk

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 76/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 77/14	Protokoll frå førre møte
PS 78/14	Delegerte saker
PS 79/14	Referatsaker
PS 80/14	Miljøopprydding i Fosnavåg. Deponering av masser. Val av alternativ
PS 81/14	Kommuneplan 2013-2025 arealdel - 2.gongs offentleg ettersyn
PS 82/14	Reguleringsendring for reguleringsplan for Kvalsund - Teige
PS 83/14	Godkjenning av årsrekneskapen for 2014
PS 84/14	Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2013
PS 85/14	Skatterekneskapen 2013
PS 86/14	Årsrapport 2013.
PS 87/14	Tertialrapport per 01.05.2014.
PS 88/14	Budsjettkontroll 1. tertial 2014
PS 89/14	Finansrapport for 1 tertial 2014
PS 90/14	Godkjenning av låneopptak i Husbanken - Startlån 2014
PS 91/14	Kommunereform
PS 92/14	Endring av felles reglement for dei politiske organa
PS 93/14	Søknad om tilskot til opparbeiding av uteområdet ved nytt hotell
PS 94/14	Omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon - funksjons- og arealanalyse
PS 95/14	Ny brannstasjon i Myrvåg - val av utbyggingstomt
PS 96/14	Innleige av lokale for Myrvåg legesenter frå Myrvåg helsesenter AS
PS 97/14	Søknad om etablering av utandørs leikeplass/treningspark ved Havila stadion Fosnavåg
PS 98/14	Utkast til utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS - utlegging til offentleg ettersyn
PS 99/14	Ny barnehage indre Herøy - forprosjekt
PS 100/14	Base Einedalen skule - Økonomisk avslutning.
PS 101/14	Infrastruktur bustadfelt - prioritert bruk av løyvde midlar
PS 102/14	Kommunedelplan for bustadsosialt arbeid - stadfesting av planprogram
PS 103/14	Løyving av midlar til forsterkning av grunn i parken i Fosnavåg
PS 104/14	Samanslåing av barnehageavdelinga og skuleavdelinga til ny felles oppvekstavdeling
PS 105/14	Løn i støttekontaktenesta
PS 106/14	Søknad om startlån
PS 107/14	Søknad om startlån
PS 108/14	Klage på avslag på søknad om startlån
PS 109/14	Ettergjeving av sosialt lån

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 20/14 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eitt bestemt arrangement
- DS 21/14 Kjøp av bustadtomt 12/310 med adresse Remøy
- DS 22/14 Delegert vedtak - sal av tilleggsareal til gnr. 31 bnr. 72
- DS 23/14 Søknad om skjenkebevilling - Elmir Maznikar
- DS 24/14 Kjøp av tomt 26/235

Referatsaker

- RS 30/14 Statusrapport for spelteknologi april 2014
- RS 31/14 Alkoholsalg til mindreårige
- RS 32/14 Føringer for budsjettprosessen 2015
- RS 33/14 Prosess for omorganisering av flyktningsneste.

PS 76/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Til saklista:

Desse sakene går ut og skal handsamast i komite oppvekst først:

F-sak 99/14 «Ny barnehage indre Herøy – Forprosjekt» og

F-sak 104/14 «Samanslåing av barnehageavdelinga og skuleavdelinga til ny felles oppvekstavdeling.»

Til orientering:

- Herøyterminalen v/ordføraren
- Notat av 02.06.2014 frå rådmannen om føringar for budsjettprosessen 2015.
- Notat av 02.06.2014 frå rådmannen om prosess for omorganisering av flyktingtenesta.

PS 77/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 78/14 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 79/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 80/14 MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG. DEPONERING AV MASSER. VAL AV ALTERNATIV

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl-Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Orientering frå Kystverket v/Terje Misund og Rambøll AS v/Aud Helland. Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/miljøvernavdelinga møtte.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Herøy kommunestyre vedtek å arbeide for deponering av masser på alt. IV – Innsegling til Fosnavåg hamn område A. Administrasjonen får i oppdrag å gå i forhandlingar med grunneigarane.

PS 81/14 KOMMUNEPLAN 2013-2025 AREALDEL - 2.GONGS OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl-Martin Møller og planleggar Ole-Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-14, at forslag til *Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Arealdel* skal leggast ut til 2.gongs offentleg ettersyn i minst seks veker.

Rådmannen får fullmakt til å gjere dei naudsynte rettingar og justeringar i plankart og tekst før utlegging til offentleg ettersyn.

PS 82/14 REGULERINGSENDRING FOR REGULERINGSPLAN FOR KVALSUND - TEIGE

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl-Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2014

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova, vedtek Herøy formannskap reguleringsendring for Kvalsund – Teige, datert 5.5. 2014.

PS 83/14 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir-Egil Olsen møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Herøy kommune sin rekneskap for 2013 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

PS 84/14 DISPONERING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MINDREFORBRUKET I DRIFTSREKNESKAPEN FOR 2013

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir-Egil Olsen møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2013, kr 5.388.861,74 vert brukt til å styrke kommunen sitt disposisjonsfond.

Konto 15400/9017/880 Styrking disposisjonsfond – opp NOK 5.388.861,74

PS 85/14 SKATTEREKNESKAPEN 2013

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir-Egil Olsen møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2013 til vitande.

PS 86/14 ÅRSRAPPORT 2013.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Årsrapporten for 2013 vert godkjend.

PS 87/14 TERTIALRAPPORT PER 01.05.2014.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Saka vert tatt til vitande.

PS 88/14 BUDSJETTKONTROLL 1. TERTIAL 2014

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir-Egil Olsen møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Budsjettkontrollrapporten per 31.04.2014 vert tatt til vitande.

PS 89/14 FINANSRAPPORT FOR 1 TERTIAL 2014

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir-Egil Olsen møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Finansrapporten per 30.04.2014 blir teken til vitande.

PS 90/14 GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I HUSBANKEN - STARTLÅN 2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Kommunestyret godkjenner låneopptak i Husbanken, stort kr. 5 mill., til vidare utlån til startlån på dei vilkår som går fram av tilsagnsbrev og låneavtale frå Husbanken.

PS 91/14 KOMMUNEREFORM

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

1. Herøy kommunestyre ser det som særst viktig at ein er med i prosessen rundt kva oppgåver kommunane skal ha i framtida.
2. Herøy kommunestyre ber ordføraren om å gå inn i samtalar og sonderingar med kommunane på Søre Sunnmøre, med formål om å søkje etter ein formålstenleg kommunestruktur for kommunane

PS 92/14 ENDRING AV FELLES REGLEMENT FOR DEI POLITISKE ORGANA

Møtebehandling:

Olaug Andreassen, Ap, kom med framlegg om slikt nytt avsnitt:

«Ved melding om forfall utan gyldig grunn vert vedk. representant kalla inn til samtale med møteleiar.»

Rådmannen si tilråding vart vedteke mot 1 røyst. Tilleggsframlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Kommunestyret vedtar å legge til fylgjande setning i punkt 1.9 Forfall – ugildskap – vararepresentantar i felles reglement for dei politiske organa:

Dersom ein representant forlèt møtet utan gyldig grunn, så fell representanten rett til møtegodtgjersle bort.

Endringa i reglementet har ikkje tilbakevirkande kraft.

Ved melding om forfall utan gyldig grunn vert vedk. representant kalla inn til samtale med møteleiar.

PS 93/14 SØKNAD OM TILSKOT TIL OPPARBEIDING AV UTEOMRÅDET VED NYTT HOTELL

Møtebehandling:

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge møtte i saka.

Henry Jøsokbakke reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styremedlem i Fosnavåg konserthus. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Henry Jøsokbakke vart samrøystes kjend habil.

Olaug Andreassen, Ap, kom med framlegg om slikt nytt pkt. 4:

«Administrasjonen får i oppgåve å sjå på løysingar for auka kommunal finansiell deltaking i prosjektet utan at dette går utover eigenkapitalen til Herøy kommune.»

Rådmannen si tilråding til alt. 1 med tilleggsframlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

1. Herøy kommune gir eit samla tilskot på 3.735.188 kroner til Fosnavåg Vekst AS i samsvar med føresett 3-deling av kostnader i samband med tildeling av tettstadsmidlar.
2. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.
3. Tilskotet kan utbetalast i takt med opparbeidinga av uteområdet.
4. Administrasjonen får i oppgåve å sjå på løysingar for auka kommunal finansiell deltaking i prosjektet utan at dette går utover eigenkapitalen til Herøy kommune.

PS 94/14 OMSORGSBUSTADAR MED HEILDØGNS PLEIE- OG OMSORGSFUNKSJON - FUNKSJONS- OG AREALANALYSE

Møtebehandling:

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge og eigedomsleiar Robert Myklebust møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon slik:
 - a. Prosjektet vert gjennomført som eit tilbygg til Herøy omsorgssenter, blå avdeling.
 - b. Prosjektet vert dimensjonert for inntil 16 bueiningar og naudsynt fellesareal.
 - c. Prosjektet vert utvida til å omfatte også base for heimetenesta.

2. Kommunestyret vedtek riving av Sjukeheimsvegen 5 b. Riving skal gjennomførast så snart nye omsorgsbustadar er overteke til ordinær drift og lyt finansierast over det aktuelle års budsjett.

PS 95/14 NY BRANNSTASJON I MYRVÅG - VAL AV UTBYGGINGSTOMT

Møtebehandling:

Henry Jøsokbakke reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er onkel til ein privat interessent til tomta. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Henry Jøsokbakke vart samrøystes kjend inhabil etter KI §40 og Fvl § 6, 2. ledd.

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge og eigeomsleiar Robert Myklebust møtte i saka.

Olaug Andreassen, Ap, kom med slikt framlegg:

1. Formannskapet godkjenner gnr. 45 bnr. 110/130 som utbyggingstomt for ny brannstasjon i indre Herøy.
2. Rådmannen bes gå i dialog med private interessentar om eit samarbeid om utbygging av gnr. 45 bnr. 110/130.

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 1 røyst.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2014

1. Formannskapet godkjenner gnr. 45 bnr. 110 som utbyggingstomt for ny brannstasjon i indre Herøy.
2. Rådmannen bes gå i dialog med private interessentar til tomta for å finne andre eigna utbyggingsalternativ.

PS 96/14 INNLEIGE AV LOKALE FOR MYRVÅG LEGESENTER FRÅ MYRVÅG HELSESENTER AS

Møtebehandling:

Eigeomsleiar Robert Myklebust møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2014

1. Formannskapet godkjenner innleige av lokale for Myrvåg legesenter, frå Myrvåg helsesenter AS i ei periode på 5 år, rekna frå dato for formannskapets handsaming av saka.
2. Ordføraren får fullmakt til å signere endeleg avtale.

PS 97/14 SØKNAD OM ETABLERING AV UTANDØRS LEIKEPLOSS/TRENINGSPARK VED HAVILA STADION FOSNAVÅG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2014

1. Herøy kommune som grunneigar gir Bergsøy idrettslag – fotball – rett til å etablere utandørs leikeplass/treningspark ved Havila Stadion Fosnavåg på kommunens eigedom gnr. 29 bnr. 150 og bnr. 215.
2. Ordføraren får fullmakt til å signere bruksrettsavtale for tiltaket.
3. Ei eventuell gjennomføring av tiltaket må byggemeldast på vanleg måte.

PS 98/14 UTKAST TIL UTBYGGINGSAVTALE MED VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2014

1. Med heimel i §17-4 i Plan- og bygningslova vert utkast til utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS lagt ut til offentleg ettersyn.
2. Høyringsfristen vert sett til 30 dagar.

PS 99/14 NY BARNEHAGE INDRE HERØY - FORPROSJEKT

Møtebehandling:

Saka vert utsett for handsaming i komite oppvekst.

PS 100/14 BASE EINEDALEN SKULE - ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Økonomisk avslutning for prosjektet blir godkjent.

PS 101/14 INFRASTRUKTUR BUSTADFELT - PRIORITERT BRUK AV LØYVDE MIDLAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2014

1. Administrasjonen får i oppdrag å gå i forhandlingar med eigarane av følgjande regulerte område med sikte på grunnerverv:
 - Leine 2 – etappe 1. Eit areal på om lag 15 daa i fortsettinga av Leine 1. Dette vil gi om lag 12 nye tomter.
 - Runde. Eit areal på vel 6 daa inntil tidlegare regulert felt som kan gi seks nye tomter.
 - Trolldalen 2. Om lag 45 daa som vil gi om lag 25 nye tomter.
2. Administrasjonen får i oppdrag i samarbeid med Herøy Vasslag SA å utgreie og kostnadsrekne alternativ for tilfredsstillande vassforsyning inkludert branndekning til bustadfeltet Bø-Arhaug.
3. Økonomisk ramme for gjennomføring av punkt 1 og 2 ovanfor vert sett til løyvinga på totalt 6,65 mill. kroner til infrastruktur bustadfelt.

PS 102/14 KOMMUNEDELPLAN FOR BUSTADSOSIALT ARBEID - STADFESTING AV PLANPROGRAM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 10.06.2014

1. Formannskapet fastset i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 planprogram for kommunedelplan for Herøy - bustadsosialt arbeid – 2015 til 2019.
2. Formannskapet ber valnemnda om å velje to representantar frå helse- og omsorgskomiteen til å site arbeidsgruppa for planarbeidet.

PS 103/14 LØYVING AV MIDLAR TIL FORSTERKNING AV GRUNN I PARKEN I FOSNAVÅG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

1. Det vert gitt ei løyving på 140.000,- kr. til forsterkning av grunn i parken.
2. Finansiering med bruk av ubundne kapitalfond bustad/sentrumstiltak.

**PS 104/14 SAMANSLÅING AV BARNEHAGEAVDELINGA OG SKULEAVDELINGA
TIL NY FELLES OPPVEKSTAVDELING**

Møtebehandling:

Saka vert utsett for handsaming i komite oppvekst.

PS 105/14 LØN I STØTTEKONTAKTTENESTA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014

Kommunestyret vedtar at løn til støttekontaktar vert likestilt med løna til assistentar utan utdanning, jamfør tariff og at løna vidare automatisk vert korrigert ved endringar i tariffavtalen.

Kommunestyret ber avdelingane om å løyse auken i kostnad innan allereie tildelt budsjettramme i 2014. For 2015 og vidare vert kostnadsauken teken med i budsjettarbeidet.

PS 106/14 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 107/14 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 108/14 KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM STARTLÅN

PS 109/14 ETTERGJEVING AV SOSIALT LÅN

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

**DS 20/14 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eitt bestemt arrangement
23.05.2014 00:00:00**

DS 21/14 Kjøp av bustadtomt 12/310 med adresse Remøy 21.05.2014 00:00:00

**DS 22/14 Delegert vedtak - sal av tilleggsarel til gnr. 31 bnr. 72 30.05.2014
00:00:00**

DS 23/14 Søknad om skjenkebevilling - Elmir Maznikar 02.05.2014 00:00:00

DS 24/14 Kjøp av tomt 26/235 10.04.2014 00:00:00

REFERATSAKER

RS 30/14 Statusrapport for spelteknologi april 2014 Statusrapport for spelteknologi april 2014 09.05.2014 00:00:00

RS 31/14 Alkoholsalg til mindreårige Alkoholsalg til mindreårige 13.05.2014 00:00:00

RS 32/14 Føringar for budsjettprosessen 2015 Føringar for budsjettprosessen 2015 02.06.2014 00:00:00

RS 33/14 Prosess for omorganisering av flyktingtenesta. Prosess for omorganisering av flyktingtenesta. 02.06.2014 00:00:00